



**Sigdal-
Eggedal**

SKOGEIERLAG

Årsmelding frå Sigdal - Eggedal skogeigarlag 2025

Styret i arbeidsåret har vore sett saman av:

- Leiar: Per Lyder Frøvoll
- Nestleiar og skrivar: Leiv L. Nergaard
- Kasserar: Endre Tovsrud
- Styremedlem og studieleiar Per Green
- Styremedlem: Gunn Frøvold

Varamedlemmar

- Lasse Stæhr
- Gina Rolfsrud

Styret har hatt seks fysiske møte. I tillegg har det vore ein god del samordning og anna arbeid via epost.

Representasjon

Per Lyder Frøvoll deltok på årsmøtet, haustmøtet, dei regionale leiarmøta i Viken Skog SA og skogfagdag. Leiv L. Nergaard har vore skogeigarlaget sin representant i styret for Sigdal Utvikling AS, der han er styreleiar.

Deltaking i Sigdal Utvikling AS

Sigdal-Eggedal skogeigarlag er ein av fem «stiftande organisasjonar» i Sigdal Utvikling, og laget har krav på plass i styret. Leiv L Nergaard har hatt denne plassen, og er styreleiar.

Sigdal utvikling har vore gjennom eit krevjande år 2025. Tidlegare dagleg leiar slutta i starten av året og ny dagleg leiar slutta ved siste årsskifte. Styreleiar fungerer mellombels som dagleg leiar. Prosjektet Læringleforum, som blir leia av Tine Normann, utviklar seg godt. Samarbeidsavtala med Sigdal kommune er fornya og kommunen har løyvd 2 mill. kr for 2026, som fyrste år i ein ny fire-års periode.

Arbeid med nye naturtypar

Dei nye naturtypane har teke mykje av tida til styret i fyrste del av meldingsåret. Sommaren 2023 vart det meld inn eit svært stort areal med naturtypar i Sigdal. Desse skulle ha vore vurdert i samband med skogbruksplana. Kravpunkt nr 22 i Norsk PEFC skogstandard krev at kartfesta miljøinformasjon, som t.d. nasjonalt eller regionalt viktige naturtypar (A eller B) etter DN-håndbok nr 13, der dette ikkje har vore kjent i samband med utvelgjing av nøkkelbiotopar (her: siste skogbruksplan) skal det vurderast om det er grunnlag for ny(e) nøkkelbiotop(ar) før ein sett i verk skogbrukstiltak. Difor har styret i samråd med råka grunneigarar, Statsforvaltaren, Viken skog og skogbrukssjefen skipa eit «nøkkelbiotop-prosjekt» etter mønster frå eit

vanleg skogbruksplanprosjekt. Styret i skogeigarlaget er takstutval, og har delteke i utvalsmøte der vi etter beste evne har vore «advokatar» for skogeigarane.

Elles er det lansert nye kart på «kilden» (NIBIO) etter initiativ i eit opprop frå 167 forskarar som viser «*Naturskogs nærhet*», «*Naturskogsansynlighet*» og areal som ikkje er flatehoggi etter 1940 («*Naturskog versjon 1*»). Her vil det bli nye utfordringar. Nesten all hogstmoden skog i Sigdal ligg innanfor markert areal i desse karta.

Aktivitet i skogen

Det hoggast stadig vindfall etter stormen i november 2021. Etter kvart har det også blitt behov for å hogge store kvantum med billegran som eit indirekte resultat av alle vindfalla. Med meir hogst og planting dei siste åra vil det bli ei stor utfordring å følgje opp desse areala med aktiv ungskogpleie.

Andre aktiviteter som styret i laget har drivi med for bygda og andelseigarane:

- Årsmøte 20. mars på Frydheim.
- Temamøte før årsmøtet om bille-situasjonen. Innleiing ved Seniorforskar ved NIBIO, Paal Krokene.
- Initiativ for å hindre auka aksellast-resrtiksjonar på kommunale vegar i samråd med Kaugerud transport
- Med - tilskipar og deltakar på skuleskogdagar for barneskulane fordelt over to dagar.
- Sendt høringsfråsegn med sterk åtvaring mot lovframlegget om forbod mot nedbygging av myr.
- Kurs i ungskogpleie
- Initiativ og arbeid med fornying av skog- og kulturstigen ved Skredsvig-Hagan
- Stand på bygdedagen med informasjon og spørja-konkurranse.
- Planlegging av skog-fagtur i samarbeid med Numedal skogeigarlag for 2026.
- Haustmøte på Frydheim grendehus med to hovudtema: Ny PEFC skogstandard og drift av taugbanelag. Innleiarar var Svein Dypsund og Mikael Råheim. 70 frammøtte.

Årsreknskap for Skogeigarlaget

Styret foreslår for årsmøtet at underskotet for året 2025 disponerast slik: Overførast til eigenkapitalen i Sigdal og Eggedal skogeigarlag kr -58,13.

Tømmersal og andelseigarar

I Sigdal og Eggedal var det 252 andelseigarar og av desse er det er 91 som har levert tømmer i 2025.

Tømmersal og prisar dei siste åra i Sigdal er:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Avvirkning i kbm Frå and.seigarane	54475	51450	63427	65914	50725	62253	62535	45 060	48 479	119 948	64439	68921	66 582
Bruttoverdi i m. kr	16,2	17,9	21,4	22,1	17,7	25,2	26,7	16,4	21,7	57,0	31,8	45,2	55,7
Gj.sn. tømmerpris	298	348	337	336	349	405	427	363	448	475	493	656	837
Viken Skog mark- nadsdel % i Sigdal				93	72	78	75	79	74	74	74	76	71

Styret i Sigdal – Eggedal Skogeigarlag vil takke skogbruksleiaren vår Julie Baalerud Sand for godt arbeid.

Stad: Eggedal

Dato: 28/2-26